


HANDLINGSPLAN FOR EIT TRYGT OG GODT BARNEHAGEMILJØ

GISKE KOMMUNALE BARNEHAGAR



Giske kommune
Historisk og framtidsretta

Innhald:

- Formål	side 3
- Innleiing	side 4
- Kva er mobbing?	side 5
- Førebygging av mobbing	side 6
- Vaksenrolla	side 7
- Samarbeid mellom barnehagen og heimen	side 8
- Å sjå mobbing i barnehage	side 9
Handlingsplikt	side 9
Gangen i ein mobbe- og trivsels-sak i barnehagen	side 10
- Diverse lovverk, sentrale føringar og nettsider	side 11
- Diverse vedlegg	side 12-17
Barnehagen sine rutinar for førebygging av mobbing	side 12
Tiltak ved mobbing og krenkande åtferd	side 13
Meldeskjema for Giske kommunale barnehagar	side 14
Aktivitetslogg for Giske kommunale barnehagar	side 15
Observasjonsskjema for Giske kommunale barnehagar	side 16
Aktivitetsplan for Giske kommunale barnehagar	side 17

Formål

Barnehagelova § 41, 42 og 43 legg føringar for korleis barnehagar skal arbeide med det psykososiale barnehagemiljøet. Denne planen er eit arbeidsdokument som skal sikre at dei kommunale barnehagane i Giske kommune arbeidar i tråd med barnehagelova, at foreldre får innsikt i korleis barnehagane jobbar med det psykososiale barnehagemiljøet og at personalet er bevisst på si rolle og sine plikter.

§41 handlar om at barnehagen skal ha nulltoleranse for krenking gjennom åtferd som utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Barnehagen skal også arbeide førebyggjande ved å fremme helse, trivsel, lek og læring.

§42 pliktar personalet til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt barnehagemiljø. Alle som jobbar i barnehagen skal melde frå dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Når foreldre melder at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og gjer egna tiltak. Barnehagen skal også lage ein skriftlig plan i kvar enkelt sak.

§43 gir personalet i barnehagen aktivitetsplikt mot andre i personalet som krenker barn. All misstanke eller kjennskap til at ein anna som arbeidar i barnehagen krenker eit barn gjennom utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering skal straks meldast til barnehagens styrar. Styrar skal melde frå til eigar. Dersom ein tilsett har mistanke eller kjennskap til at styraren krenker eit barn gjennom utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering skal vedkommande melde frå til barnehageeigar direkte.




Innleiing

Rammeplan for barnehagen legg til grunn at personalet skal sørge for at alle barn opplever tryggleik, tilhør og trivsel i barnehagen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage får ein barndom prega av trivsel, vennskap og leik. Gjennom haldningsskapande arbeid og konkret handling i samarbeid med heimane skal personalet i barnehagen skape eit trygt, inkluderande og stimulerande barnehagemiljø som førebyggjar krenking og mobbing.

Ingen barn skal mobbe eller bli mobba i barnehagen. Barna si oppleving av seg sjølv og sin eigenverdi utviklar seg i samspel med omgivnadane. Mobbing er alvorlig fordi det kan ha store personlege konsekvensar. Barn som blir utsett for mobbing kan miste både livsmot og verdigheit. Forsking viser at både barn som mobbar og barn som har opplevd mobbing har ein høgare risiko for å utvikle psykiske vanskar seinare. Arbeidet med å førebygge mobbing, marginalisering og utanforskap startar difor allereie i barnehagen. Barnehagen skal handle raskt og ta dei grep som er nødvendige for at eventuell mobbing skal opphøre. Samarbeid med føresette står sentralt i det miljøskapande og mobbeførebyggande arbeidet i barnehagen. Aktiv medverknad og godt samarbeid med føresette er avgjerande dersom mobbing oppstår.

I barnehagane legg vi vekt på:

- Det blir arbeida kontinuerlig, langvarig og systematisk med barna sitt barnehagemiljø
- Barnehagen og føresette samarbeida om det førebyggande og haldningsskapande arbeidet
- Tydeleg leiing er ein føresetnad for å førebygge, avdekke og handtere krenkande ord og handlingar
- Alle tilsette i barnehagane har ein handlingsplikt til å undersøke, varsle og gripe inn dersom dei får kunnskap eller mistanke om at eit barn blir utsatt for krenkande åtferd
- Våre tiltak og vår evne til kommunikasjon og samarbeid er avgjerande for at arbeidet skal lykkast
- At det ligg faglig kunnskap til grunne bak tiltak som blir satt i verk
- Tiltak blir satt i verk med det same
- Barnehagen følgjer opp rutine i overgangssituasjonane i barnehagen.



Kva er mobbing

Mobbing blir definert ulikt. Rettleiaren *Barna sin trivsel – vaksne sitt ansvar. Førebyggjande arbeid mot mobbing startar i barnehagen* (Utdanningsdirektoratet) trekkjer fram følgjande trekk frå ulike definisjonar

- Det dreier seg om negative, fysiske eller psykiske handlingar gjort av ein eller fleire mot ein annan
- Den som blir utsatt for erting, plaging eller utestenging, er lett tilgjengelig som del av eit fellesskap han eller ho ikkje har valt sjølv
- Det er ubalanse i maktforholdet slik at det er vanskelig å forsvare seg
- Handlinga må ha ei viss hyppighet og gå føre seg over tid
- Handlingane er planlagde eller vondsinna

Det er tre hovudformer for mobbing:

- Verbal mobbing (sei stygge ting ...)
- Fysisk mobbing (slå, sparke ...)
- Utestenging (eit barn blir heldt utanfor ...)



I barnehagen kan mobbing gjere seg gjeldande ved at eit barn har ein eigenoppleving av å bli stengt ute frå leiken, ikkje bli akseptert, får negative kommentarar, blir dominert, undertrykket, trua, hersa med, håna, krenka, latterleggjort eller manipulert, eller at vaksne ser og opplever denne type åtferd i miljøet.

Nokre gongar kan det vere vanskeleg å skilje mellom erting og mobbing, men erting som går føre seg over tid er mobbing. Det dreier seg med andre ord ikkje om enkeltstående handlingar som inngår som ein del av det å vere menneske, eller om barn som ein gang i mellom ikkje får vere med i leiken. Det handlar om negative mønstre som går føre seg over tid og kor det er ubalanse i styrkeforholdet.

Førebygging av mobbing

Det er alltid dei vaksne sitt ansvar å avdekke og førebygge mobbing. For barn er vennskap og lek ein føresetnad for trivsel i barnehagen. Vennsksapsrelasjonar og leikekompetanse vert derfor viktige fokusområder i barnehagen sitt arbeid mot førebygging av mobbing. Når barn ikkje får til lek eller samspel med andre barn treng dei hjelp og støtte frå vaksne rundt seg. Relasjonar mellom vaksne og barn må derfor vere basert på tillit og trygghet. Dei vaksne sin forståing av barn og barna sin åtferd er grunnlaget for om vaksne ser, reflekterer, handlar og evaluerer eigen praksis.

Mobbing går ikkje over av seg sjølv og vaksne i barnehagen skal aldri tillate seg ei «vente å sjå» haldning. Den som blir mobba og den som mobbar treng ein sterk og tydeleg vaksen som både støttar, sett grenser og handlar der og då.



Ein hovudregel er at vi ikkje overser eller går forbi barn som plagar kvarandre. Vi spør ikkje kva som har skjedd, men sett konkrete ord på det vi faktisk har sett. Vi er tydeleg og seier klart ifrå at slik åtferd ikkje er akseptert. Vi er vaksne som barna veit bryr seg. Den som blir mobba og den som ertar eller mobbar treng sterke og tydelege vaksne som støttar og seier ifrå.

For å skape ein barnehage utan mobbing må barnehagen ha:

- Tydelege verdiar og felles haldningar som vert praktisert av alle vaksne.
- Vaksne som legg til rette for ein god start for den enkelte med blant anna gode strategiar for tilvenning, føreseieleg dagsrytme og gode rutinar for overgangar mellom aktivitetar.
- Vaksne som er tilstades der barna er i lek og er deltakande i tråd med deira behov.
- Vaksne som prioriterer lek og vennskap i planar og i kvardagen.
- Vaksne som systematisk observerer enkeltbarn og barnegrupper, og legg til rette for etablering av gode relasjonar og vennskap
- Kompetente vaksne som arbeidar systematisk med å styrke barna sin sosiale kompetanse og skaper eit inkluderande og vennleg barnehagemiljø.
- Tett samarbeid med føresette prega av openheit og tillit.
- Ein kultur for refleksjon og fagleg utvikling. Bruk av praksisfortellingar/case og andre refleksjonsmetodar.
- Vaksne som kan vere barna sin guide i utfordrande relasjonar og situasjonar – nokon gangar gå føre som eit godt eksempel, andre gongar korrigere, vise, leie og rettleie.

Vaksenrolla

Dei vaksne er rollemodellar for at barn skal kunne utvikle gode leikestrategiar og gode vennskap.

Å ta opp problemstillingar som t.d. vaksne som krenker barn, kan vere vanskeleg men nødvendig. Dersom ein ser at vaksne visar krenkande åtferd mot barn må det stoppast med ein gong. Dette har alle vaksne i barnehagen eit ansvar for.

Måten vi omtaler/definerer barn på kan vere med på skape ein «merkelapp» på barn. Det kan også vere med på å definere korleis andre oppfattar barnet.

Det er dei vaksne sitt ansvar å forstå åtferda til barnet ut frå barnet sin ståstad. Vi må sikre oss at alle i barnehagen vert omtala positivt. Språket, både verbalt og kroppsspråk, vaksne imellom om barn eller overfor andre barn er med på å definere korleis eit barn vert oppfatta av andre.

Døme på god praksis:

- Vi tek imot barnet med et smil og bruker namnet til barnet.
- Vi gir barna den tid og ro dei treng for å meistre .
- Vi er bevisste på vårt eige kroppsspråk og mimikk .
- Vi er bevisste på å skape ein-til-ein kontakt med alle i løpet av dagen.
- Dialog med foreldre ved bringing og henting.

Barnehagen skal skape eit trygt og godt leike- og læringsmiljø med autoritative vaksne:

- **Det betyr at barnet:**
 - Opplever likeverdig respekt frå alle vaksne.
 - Blir møtt med omsorg og anerkjenning.
 - Kjenner seg inkludert i fellesskapet.
 - Opplever varme og grensesettande vaksne.
 - Opplever å bli sett og forstått.
 - Får hjelp og støtte til å utvikle kompetansen sin.
- **Det kjenneteiknast ved:**
 - God praksis på at alle barn, vaksne og familiar vert omtala positivt.
 - Fokus på støtte og rettleiing; til det enkelte barn, grupper av barn og tilsette.
 - Fokus på tydelige og klare forventingar til barnet når det gjeld grenser og normer.
 - Føresette og barnehagen har dialog om felles tilnærming til barnet.
 - Fokus på vennskap og leik i planar og i kvardagen.
 - Vaksne som viser omsorg, trøystar og anerkjenner barnet sine kjensler.

Samarbeid mellom barnehagen og heimen

Det å bli sett, møtt, anerkjent og respektert inneber gjensidig forplikting mellom barnehage og heim. Alle barn og føresette skal oppleve å bli tatt på alvor av personalet dersom det kjem med ei uro om barnet sitt eller dei meiner andre blir utsett for krenkande ord eller handlingar.

Barnehagen og heimen har eit felles ansvar for at mobbing ikkje utviklar seg. Sosiale system er ikkje isolert i barnehagen og den tida barna er der. Det er forventa at føresette samarbeider med barnehagen om førebygging av mobbing og krenkande åtferd. Føresette må bli involvert i korleis barnehagen jobbar med barn og relasjonar, og snakke om tema mobbing, krenkande åtferd og førebygging av dette i foreldresamtaler og på foreldremøte. Dette inneberer og at føresette blir informert om denne handlingsplanen mot mobbing.

Det er barnehagen sitt ansvar å inkludere føresette i arbeidet når mobbing vert observert. Føresette må takast med på råd og ein må snakke om kva føresette kan gjere heime for å støtte opp under barnehagen sitt arbeid. Tiltak og planar må avtalast i samarbeid med heimen. Barnehagen har ansvar for å fylle ut ein aktivitetsplan i kvar enkelt sak.



Døme på god praksis:

- Foreldre helser på kvarandre og på barna, snakker med barna og legg til rette for nye vennskap.
- Føresette snakker positivt om andre barn, føresette, tilsette og barnehagen.
- Føresette gir tilbakemeldingar på eigne barn sin trivsel samt dersom dei oppdager noko blant barna som dei tilsette bør vite om.
- Føresette må følgje opp informasjon og ha eit tett samarbeid med barnehagen.

Å sjå mobbing i barnehagen

Mobbing og begynnande mobbeåtferd kan vere vanskelig å oppdage. Først må ein skilje mellom vilkårleg erting og mobbing, og personalet må ha ei felles forståing for kva mobbing og krenkande åtferd inneber. Tilsette må jobbe bevisst med observasjon i barnehagen. Det er viktig at tilsette ser kvart enkelt barn som eit individ med eigne behov, samtidig som ein er bevisst på det sosiale systemet og dynamikken i barnegruppa. Det er viktig å vere observant på endringar av barn sin åtferd, det kan vere teikn på at noko er galt. Eit tett samarbeid mellom barnehage og heim gjer det lettare å fange opp endringar i barn sin åtferd.

Handlingsplikt

I barnehagen har alle tilsette **handlingsplikt** når ein observerer/oppdagar mobbing. Dette inneber:

- plikt til å gjere undersøking raskt
- plikt til å varsle pedagogisk leder/styrer raskt (f.eks. ved bruk av notat ang. uro)
- plikt til å gripe inn

For å avdekke/førebygge mobbing må personalet:

- Vere «tett på» i leiken og i aktivitetar for å kunne fange opp åtferd som kan utvikle seg til mobbing.
- Observere og kartlegge samspel mellom barn og mellom vaksne og barn.
- Vere tilstades der barna er i lek og aktivitet. Snakke med barna om korleis dei har det.
- Vere merksame på endringar på barn sin åtferd.
- Pedagogisk leiar gjennomfører foreldresamtalar der barna sin trivsel, åtferd og vennskap blir teke opp.
- Gjennomføre barnesamtaler (med dei eldste barna) med fokus på barnas trivsel- ein til ein eller i grupper.



Gangen i ein mobbe- og trivsel-sak i barnehagen

1. Den som observere mobbing/krenking; fyll i skjema/ melde skjema vedrørende krenkande åtferd, sjå vedlegg.
2. Levere skjema til pedagogisk leiar med kopi til styrar.
3. Avdelinga skal innan to veker skal lage ein tiltaksplan for barnet.
4. Tiltaksplan skal ligge i avdelingspermen.
5. Foreldre skal vere involvert i arbeidet.
6. Tiltaksplan skal evaluerast innan 1 månad.

Diverse lovverk, sentrale føringar og nettsider

Lov om barnehagar §1, §3, §41, §42 og §43: [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular § 5, krav til dokumentasjon: [Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v - Lovdata](#)

Kvalitetsplan for barnehagar, skular og SFO, Giske Kommune: [Kvalitetsplan for oppvekst](#)

Mobbeombud Møre og Romsdal: [Mobbeombod \(mrfylke.no\)](#)

Utdanningsdirektoratet: [Barns trivsel - voksnes ansvar \(udir.no\)](#)

BARNEHAGEN SINE RUTINER FOR FØREBYGGING AV MOBBING

[Barnehageloven § 41-43](#)

	OPPGÅVE	TIDSPUNKT	ANSVAR
1	Gjennomgang av barnehagen sin handlingplan i personalgruppa. Drøfte og dokumentere barnehagen sitt syn på: Kva er eit godt leike og læringsmiljø i barnehagen? Kva er krenkande åtferd? Korleis opptrer vi som autoritative vaksne? Kvar er terskelen for å gripe inn og kva innebære det? Når skal leiinga varslast?	Ved barnehagestart kvart år.	Styrar
2	Opplæring og informasjon i handlingsplan til alle nytilsette.	Ved tilsetjing.	Styrar
3	Føresette blir informert om planen og tiltak.	Kvar haust, september.	Pedagogisk leiar
4	Punkt om barnas trivsel og sosiale utvikling i alle foreldresamtaler.	To gonger i året; Haust og vår.	Pedagogisk leiar
5	Fokus på barnehagen sitt leike og læremiljø skal vere gjennomgåande i alle planar og tiltak.	Løpande	Styrar/pedagogisk leiar
6	Dei kommunale barnehagane samarbeida om å revidere handlingsplanen for eit trygt og godt barnehagemiljø.	Kvar vår Juni	Styrar

TILTAK VED MOBBING OG KRENKANDE ATFERD

[Barnehageloven § 41-43](#)

	OPPGÅVE	TIDSPUNKT	DOKUMENTASJON
1	Mobbing eller krenkande åtfærd er observert eller informert av tilsette eller føresette.	Den som har teke imot informasjon om eller har observert handlinga.	Fyllar ut meldeskjema og leverar til styrar. Fyll også ut aktivitetslogg og legg i mappa til barnet.
2	Undersøking og observasjon blir sett i gang umiddelbart dersom det kjem fram at eit barn ikkje har det bra.	Styrar/pedagogisk leiar	Bruk observasjonsskjema
3	Samtaler med barnet som kjenner seg krenka/mobba, for å skaffe informasjon og gi støtte. Barnehagen skal sikre at barnet si eiga subjektive oppleving kjem fram.	Pedagogisk leiar	Referat
4	Samtale med føresette til barnet som opplever seg krenka. Barnehagen har ansvar for å legge til rette for et godt samarbeid når det gjeld tiltak som kan/bør gjerast.	Pedagogisk leiar; styrar er med.	Referat
5	Samtale med barnet/barna som har krenka/mobba andre. Gjeld det fleire barn; snakkar ein med ein om gongen. Hensikta med samtalen er å gi tydelege signal om at slik åtfærd er uakseptabel og må stoppe umiddelbart. Gjere avtalar med barna om oppfølging.	Pedagogisk leiar	Referat
6	Samtale med føresette til barna som krenkar/mobbar andre. Barnehagen har ansvar for å legge til rette for et godt samarbeid når det gjeld tiltak som kan /bør gjerast.	Styrar/pedagogisk leiar	Referat
7	Aktivitetsplan vert utarbeidd. På bakgrunn av samtaler og observasjonar vert det laga ei aktivitetsplan i samarbeid føresette. Alle tilsette er pliktige til å sette seg inn i og utføre tiltaka.	Styrar/ pedagogisk leiar/ avdelingspersonale t.	Aktivitetsplan
8	Oppfølging. Den krenkande/mobbande åtfærda vert følgd opp inntil den opphøyrer heilt. Alle involverte barn skal følgjast opp.	Pedagogisk leiar	Bruk observasjonsskjema
9	Evalueringsmøte på tiltak etter seinast 1 månad. Fungerar dei tiltaka som er sett i verk? Eventuelt vidareføring/justering av tiltak	Pedagogisk leiar og tilsette på avdelinga	Referat
10	Ny informasjon/samtale med føresette om korleis saka ser ut i dag. Nær dialog med føresette skal skje kontinuerlig til saka er løyst.	Styrar/pedagogisk leiar	Referat

MELDESKJEMA FOR GISKE KOMMUNALE BARNEHAGAR

[Barnehageloven § 41-43](#)

«Alle som arbeider i barnehagen skal følgje med på korleis barn i barnehagen har det. Ein skal mede frå til styrar dersom ein får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø» Lov om barnehage.		
Barnet sitt namn	Bekymring meldt til	Bekymring meldt av
Kva dreiar bekymringa seg om? Stengt ute av leiken, ikkje bli akseptert, får negative kommentarar, blir dominert, undertrykka, trua, hærset med, hånt, krenka, latterliggjort, manipulert eller anna.		
UNDERSKRIFTER		
Stad og dato	Underskrift pedagogisk leiar	
Underskrift føresett	Underskrift styrar	

AKTIVITETSLOGG FOR GISKE KOMMUNALE BARNEHAGAR

Barnehageloven § 41-43

Dokumentasjon som sikrar at krava til å følge med, gripe inn, varsle, undersøke, sette inn tiltak og dokumentere vert oppfylte. Kort skildring av kva som skjedde og utviklinga i saken.

DATO	SAKSUTVIKLING Her beskriv ein fortløpande utviklinga i saka og set namn på dei tilsette som er involverte i saksgangen.
UNDERSKRIFTER	
Stad og dato	Underskrift pedagogisk leiar
Underskrift føresett	Underskrift styrar

OBSERVASJONSSKJEMA FOR GISKE KOMMUNALE BARNEHAGAR

[Barnehageloven § 41-43](#)

Observasjonsskjema for bruk ved barn som treng oppfølging i samhøve til barnehagelova Få innspel med andre tilsette, foreldre og barnet over kva situasjonar som bør observerast. Ver varsam på kroppsspråk, språkbruk, tonefall, barnet sin strategi.			
Tidspunkt	Arena/kontekst/stad	Situasjon/hending	Merknad/signatur
Evaluerings:			

AKTIVITETSPLAN FOR GISKE KOMMUNALE BARNEHAGAR

[Barnehageloven § 41-43](#)

Barnet sitt namn		Barnehage	Giske kommune
Fødd	Avdeling	Aktivitetsplan start og tidsrom	Aktivitetsplan oppdatert

PROBLEMBESKRIVING Kva har den som varslar sagt?					
FORELDRA SI OPPLEVING AV SITUASJONEN Når foreldra seier at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøkje saken.					
BARNET/ELEVEN SI EIGA OPPLEVING AV SITUASJONEN Barnekonvensjonen artikkel 12: Barnets rett til å bli hørt.					
BARNEHAGEN SI VURDERING AV SITUASJONEN Kort oppsummert kva ein allereie er kjend med, og kva som er gjort så langt.					
HOVUDMÅL Hovudmålet skal beskrive den ønska situasjonen.					
DELMÅL Lag ei oversikt over alle delmåla på dei ulike nivåa. Kopier heile den blanke delmållina og lim inn fleire rader ved behov.					
Delmål Ta utgangspunkt i nøkkelord i skildringa av problema	Kva skal tiltaket løyse Skriv inn den aktuelle problemstillinga som skal verte løyst ved hjelp av tiltaket.	Tiltak/aktivitet Sett inn forskningsbaserte tiltak. Eksempel finn ein på Udir.no	Ansvarleg Konkretiser kven som er ansvarleg	Tidsperspektiv Tidfeste veke, månad eller dato	Evaluering Kven evaluerer når? Korleis skal det skal det evaluerast?
Delmål på individnivå	Kva skal tiltaket løyse	Tiltak/aktivitet	Ansvarleg	Tidsperspektiv	Evaluering
Delmål på gruppenivå	Kva skal tiltaket løyse	Tiltak/aktivitet	Ansvarleg	Tidsperspektiv	Evaluering
Delmål på Systemnivå	Kva skal tiltaket løyse	Tiltak/aktivitet	Ansvarleg	Tidsperspektiv	Evaluering
Delmål for helse Hvis ønskeleg	Kva skal tiltaket løyse	Tiltak/aktivitet	Ansvarleg	Tidsperspektiv	Evaluering
BARNEKONVENSJONEN ARTIKKEL 12: BARNETS RETT TIL Å BLI HØRT Her skildrar ein korleis barnet/ eleven har blitt høyrd i den aktuelle saka.					
BARNEKONVENSJONEN ARTIKKEL 3. BARNETS BESTE Her skildrar ein korleis ein har vurdert barnets beste i den aktuelle saka.					
UNDERSKRIFTER Stad og dato			Underskrift pedagogisk leiar		
Underskrift føresett			Underskrift styrar		